



Språk og kultur
8.–10. trinn
Lærer: Hjalmar Eiksund
Rosenborg skole, Trondheim

MØTE MED IVAR AASEN

36

Dette undervisningsopplegget tek føre seg Ivar Aasen som historisk person. Målet er at elevane skal få meir kunnskap kven Ivar Aasen var, og kva han gjorde. Opplegget er tredelt: Fyrst les elevane ein nekrolog om Ivar Aasen, deretter møter Ivar Aasen elevane som lærar-i-rolle, og til sist arbeider elevane med dagbøkene og språkferdene til Aasen. Som heilskap er dette undervisningsopplegget ein innfallsvinkel til både sjangerkunnskap, språk-, kultur- og mediehistorie.

Ivar Aasen døydde 23. september 1896. Same dag har Dagbladet ein lang nekrolog på framsida av Dagbladet, der Aasen vert hylla i varme ordelag. Kva seier dette om Ivar Aasen si stode i norsk samfunnsliv i samtida? Språket i nekrologen er prega av den tida si ordbruk og vil vere litt uvant å lese. Såleis gjev nekrologen òg eit høve til å diskutere språkutviklinga i norsk.

Kva ville elevane spurt Ivar Aasen om dersom dei møtte han i dag? Dette er ei oppgåve som elevane får, og som dei må svare på i skrivebøkene sine. Det bankar på døra, og læraren må brått ut. Når han kjem attende, har han på seg hatt og vest, og i venstrehandar ber han ein reisekoffert. Læraren presenterer seg som Ivar Aasen. Har elevane nokre spørsmål dei vil stille han?

Lærar-i-rolle-metoden er ein dramateknikk der læraren gjev seg ut for å vere ein bestemt person, og rollefiguren svarar på det elevane lurar på. Møtet kan vere som eit formelt intervju, eller slik som i denne filmen, ein samtale mellom rollefiguren og elevane. Elevane som utan å vite det har budd seg på akkurat dette møtet, må vere aktive og stille spørsmåla dei har om Aasen.

Læraren har budd seg godt på intervjusituasjonen. Spørsmåla handlar mykje om biografiske opplysingar som til dømes om Aasen var fattig, om kvar han

vandra i Noreg, kva andre folk tykte om han og kva som dreiv han i språkarbeidet. Dersom læraren ikkje veit svaret på spørsmålet frå eleven, må han improvisere. I denne filmen får Aasen mellom anna spørsmål om kva fotballag han held med. Då kan læraren seie at han ikkje har høyrte om dette fenomenet fotball, kan eleven forklare kva det er?

Den tredje og siste delen i dette undervisningsopplegget er arbeid med dagbøkene og språkferdene til Aasen. Både delar er lagde ut på nettstaden til Ivar Aasen-tunet. I dagbøkene skriv Aasen om alle dei stadene han vitjar, og han kommenterer både folk han møter, og ting som skjer. Elevane vil oppdage at Aasen skriv på dansk i dagboknotata sine. Kvifor gjorde han det?

Elevane arbeider gruppevis i denne delen. Dei skal velje seg ut eit fylke frå oversikta på nettstaden til Aasen-tunet. Vidare skal dei finne fram til nokre av orda Aasen fann i dette fylket, og som avslutning skal gruppene presentere oppdagingane sine for resten av elevgruppa.

Ei oppfølging av dette undervisningsopplegget kan vere å arbeide med skriftene til Aasen og sjå nærare på ordsamlingane hans,

dikt og skodespel. Ei anna moglegheit er å følgje opp med skriveoppgåver, eventuelt slik som det vert gjort i denne filmen, der elevane skal skrive om ein dag i Ivar Aasen sitt liv med utgangspunkt i dagboknotata.

Spørsmål til diskusjon

Kva var bra med dette undervisningsopplegget? Korleis kan nettstaden til Ivar Aasen-tunet brukast i norskundervisninga? På kva andre måtar kan ein arbeide med Ivar Aasen på 5.–7. trinn og/eller 8.–10. trinn? Korleis kan du sjølv vere lærar-i-rolle som Ivar Aasen?

Ressursar

Ivar Aasen-tunet:
www.aasentunet.no
www.spel.aasentunet.no/reiser

Nekrolog i Dagbladet:
www.aasentunet.no/default.asp?menu=3&id=7210

Osland, Erna og Arild Midthun 1996: *Ivar Aasen – ei historie om kjærleik*. Oslo, Det Norske Samlaget (teikneserieroman)

Det Norske Samlaget 1997: *Ivar Aasen*, CD-ROM

Stor takk til Ivar Aasen-tunet for at vi fekk bruke bilete av Ivar Aasen i denne filmen.

37